

Dato: 22.02.2021  
 Arkivref: 2021/2974-3712/2021 / 009

Saksbehandlar: Alf Helge Greaker  
 alf.helge.greaker@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for næring, innovasjon, idrett og kultur	
	Kommunestyret	

## HØYRINGSFRÅSEGN - BEREKRAFTIG VERDISKAPING INNOVASJON OG NÆRINGSSUTVIKLING 2021 - 2033 VLFK

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bømlo kommune sluttar seg i hovudsak til innhaldet i planframlegget «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2023» og handlingsprogram 2021. Målsettingane og prinsippa om å nytte naturressursar, satse på grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn og sikre areal for næringsutvikling, samsvarer godt med kommunen sine satsingar.

I høyringsbrevet er det synt til 14 spørsmål. Nokre av desse kan me gje innspel på her, mens andre må ein komme tilbake til undervegs i prosessen og når det endelige planframlegget ligg føre. Spørsmål 7 «Andre vesentlege innspel til planen», svarar me på gjennom resten av merknadane.

Bømlo kommune har følgjande merknadar:

- Til spørsmål 1 og 2: dei utvalde tema verkar vere gode, strategiske val for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling fram mot 2033. Planen bør likevel bli meir tydeleg på kva som er hovudmål og satsing. Til dømes står «naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon» som hovudmål (del 2) mens «grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn og areal til næringsutvikling» står som satstingsområder (del 3). Det kan verke noko overlappande, eller forvirrande. Bømlo kommune står i alle høve opp om dette som sentrale tema.
- Til spørsmål 5: planframlegget peiker på viktige tema for samordning. Når det gjeld verkemiddelbruk og offentleg forbruk, så kan fylket ha ei rolle i å samordne dette. Til dømes når gjeld det grøne krav i innkjøp og anbod, så bør det skje ved at fleire kommunar samordnar sine krav. Andre tema kan vere å løfte fram næringsklynger og større arbeidsplassar kan vere positivt for fleire kommunar, og praktiske verktøy som tilskotsordningar bør bli tilpassa dette.
- Til spørsmål 6: det vil nok halde fram med å vere eit behov for lokale planar om næring, i alle fall som temaplanar. Kommunane har svært ulik involvering i næringslivet og næringslivsstruktur. Bømlo kommune har eit mangfoldig næringsliv. Sjølv om me har store føretak og mange er sysselsett i industri, så er ikkje Bømlo eit samfunn med ein, eller få, hjørnestensbedrifter. Me har i gong store prosjekt som vil generere berekraftige arbeidsplassar, som krev litt meir planverk enn berre handlingsdelar, men ein god regional plan vil vere eit viktig, overordna supplement og kunnskapsgrunnlag.

- Til spørsmål 9: når det gjeld «aktuelle aktørar» vil me peike på at næringsråda i Sunnhordland ikkje er nemnt, men bør og vere med i desse vurderingane.
- Til spørsmål 13, så vil me synge til resten av merknadspunkta og samstundes nemne at både Bømlo Fiskerihamn, Moster 2024 og Geopark Sunnhordland har stort potensiale i seg som samarbeidsprosjekt, grunnlag for innovasjon og forsking og utvikling.
- Kulturbasert næringsliv bør få meir plass i næringsplan. Dette heng tett saman med reiselivssatsinga som svært ofte baserer seg på kulturliv. Som ein del av framtidas arbeidsplassar må kommunar og fylket vere med på å leggje til rette for fleire profesjonelle kulturaktørar i lokalsamfunna. Fylkeskommunen er og medeigar av fleire viktige kulturbaserte arbeidsplassar som bør ha ein plass i næringslivssatsinga.
- Detaljhandel og sentrumsaktivitetar må bli meir omtala. Sjølv om fylkeskommunen skal revidere sin regionale plan for senterutvikling, så bør detaljhandel vere med i ein næringslivsplan. Det er relevant til dømes når ein snakkar om næringsareal i del 3.4. Tomme butikklokale er døme på areal som bør nyttast for nyutvikling og for førebyggje nedbygging av natur. Detaljhandel, ikkje minst med unike, lokalbaserte produkt, er også sentralt i satsinga på berekraftig reiseliv.
- Det er positivt at ein vil satse internasjonalt, noko store delar av både lokale industri allereie gjer. Geopark Sunnhordland søker UNESCO-status, og er blant satsingane som er med på å byggje opp under fleire av tema i avsnitt 3.1 og planframlegget generelt. Ein UNESCO-status vil fremje fylket internasjonalt, og vere grunnlag for både forsking og innovasjon. Me ser fram til vidare samarbeidsprosjekt kring dette.
- Bømlo kommune er i gong med å bli Miljøfyrtårnsertifisert innan juni 2021. Dette er i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og ein del arbeidet for å sikre at sunnhordland skal få status som berekraftig reisemål. Det er positivt at slike ordningar og sertifiseringar blir koordinert på eit regionalt (ikkje nødvendigvis fylkeskommunalt) nivå.
- Areal til næringsutvikling i kapittel 3.4. er svært viktig, og kommunen står opp om at ny infrastruktur skal plasserast strategisk. Når ein samstundes trekk fram kystnære verksemder, som til dømes innan marin – og maritim sektor og berekraftig reiseliv som framtidige satsingsnæringer, så inneber dette ofte arealbehov i strandsona. Det kan gjelde både nytt areal og vidareutvikling av eksisterande. For å byggje opp under satsingane i planframlegget om «rett areal til rett føremål til rett tid» så er me samde i at dette krev ei meir differensiert forvaltning av kystsona, som må vere eit hovudpoeng med interkommunalt samarbeid.
- I 3.4 er det framlegg til ny regional retningslinje. Bømlo kommune er positive til meir interkommunal samordning av næringsareal i strandsona, men vil leggje til at dette også må inkludere bustadmønster. Til dømes vil Bømlo Fiskerihamn, i Langevåg heilt sør i kommunen, generere mange nye arbeidsplassar i åra framover. Dette vil påverke områder som fylkeskommunen har hovudsansvar for som vegngettet, behov for kollektivtilbod, båt- og ferjesamband osb, i både Bømlo og Sveio.
- I sjølve teksten side 17 står det «ny regional planføresegn», mens det i resten av dokumentet og i høyringsbrev er referert til ny retningslinje, som me og legg til grunn at det er snakk om.
- Til infrastruktur i kapittel 3.1 og satsingane i 3.2., så sluttar kommunen seg til innehaltet og vil gjere sitt for å fjerne hinder for utviklinga. Til dømes er pilotprosjekt for elektrifisering av kysten, ladeinfrastruktur for småbåtar og anleggsfarkostar, noko me ser på som ei viktig satsing og eit tema Bømlo kommune gjerne samarbeider om.

- Til punkt 4.6 resultatmåling og evaluering, vil me påpeike at indikatorsystemet og må ta høgde for sosial forhold og sosial berekraft. Det blir nødvendig etter vårt syn, om ein skal kunne evaluere i kva grad ein når målet om «inkluderande samfunn». Mindre lokalsamfunn og nærsentre kan vere svært sårbar for endringar i næringsliv, anten det gjeld større arbeidsplassar som mister oppdrag, eller nedstenging av sentrumshandel og kulturbasert næringsliv. Det kan vere svært uheldig for både unge og eldre sitt sosiale liv og livskvalitet, i tillegg til at det går ut over kommunale tenester og oppgåver.

#### **Dokument i saka:**

##### Vedlegg:

- Høyringsbrev «Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - Høyring og offentleg ettersyn av plan»
- Høyringsversjon «Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling»
- Høyringsversjon, «Handlingsprogram 2021 - Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling»
- Høyringssvar frå Geopark Sunnhordland

#### **Bakgrunn for saka:**

Fylkesutvalet i Vestland fylkesting vedtok i møte 19.01.21 å sende planen «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen er 26. mars 2021.

Endeleg vedtak av planen er planlagt for fylkestinget i juni 2021.

Vestland fylkeskommune (VLFK) inviterte kommunane til ei digital samling om planframlegget den 19.02.21. Her deltok Bømlo kommune mellom andre ved kommunedirektøren. Bømlo kommune var og invitert, ved samfunnsplanleggjar, til å halde ein presentasjon og fremje synspunkt frå oss. Etter kommunesamlinga hadde Bømlo kommune, ved kommunalsjef for samfunnsutvikling og samfunnsplanleggjar, eit innspelsmøte med styreleiar i Bømlo Næringsråd.

I tillegg har Geopark Sunnhordland sendt eit innspel, som ligg ved.

Den 11.03.21 skal Atheno i samarbeid med Vestland fylke arrangere eit digitalt høyringsmøte for sunnhordlandsommunane, noko som diverre blir etter at denne saka må bli ferdigstilt for dei politiske utvalsmøta. Kommunedirektøren skal uansett sørge for at kommunen skal vere representert og få fram våre synspunkt der.

#### **Vurderingar:**

Bømlo kommune har fleire store prosjekt som indirekte og direkte får konsekvensar for næringslivet vårt. Ein kan nemne Bømlopakken, Bømlo Fiskerihamn og Geopark Sunnhordland. Felles for fleire slike prosjekt er at fylkeskommunen har vore, og vil halde fram med å vere, ein sentral samarbeidspartner for å få dette realisert. Fylkeskommunen har og tilskotsordningar og program som blir innretta etter måla i deira ulike planar for klima, senterutvikling, kultur, næringsliv og så bortetter. Ansvarsporteføljen til fylkeskommunane har blitt større dei siste åra, mellom anna når det gjeld hamner og kulturmiddlar.

Kommunedirektøren har merka seg tilnærminga frå Vestland fylkeskommune når dei skriv at «Planen er fylket – ikkje fylkeskommunen – sin felles plan for innovasjon og næringsutvikling». Bømlo kommune skal vere frampå og utviklingsorientert og skal bidra der me kan.

Måla og satsinga i planframlegget samsvarer godt med Bømlo kommune sine overordna målsettingar. I vår samfunnsdel (KPS) står det mellom anna at me skal ha eit differensiert og nyskapande næringsliv og me vil vidareforedle «gründeranden». Marine og maritime næringar vil fortsatt stå sterkt mens kulturbasert næringsliv har eit stort potensiale. Bømlo skal ha eit nært samarbeid med både næringsliv og FoU-miljøa i regionen. Vidare seier KPS at me må sikre gode næringsareal kombinert med god tilgang til bustad, service, tenester, grøntområde og lokalsamfunnet sine kvalitetar.

Desse målsettingane har vore sentrale å få fram i kommunedirektøren sitt framlegg til merknadar.

Kommunedirektøren er av den oppfatning at kommunen kan ha god nytte av at fylkeskommunen får ei koordinerande rolle i næringslivsutviklinga, slik planframlegget beskriv. Tilgongen til strandsone er svært sentralt, men forvaltinga av denne og sjøområda (kystsonen) bør kommunane forvalte «i takt» med kvarandre og ikkje ha for mange ulike regelverk. Med eit felles arbeids-, bustad- og transportområde, så er dette viktig å få til på eit regionalt nivå.

Kommunedirektøren syner elles til framlegg til merknadar.

**FN sine berekraftsmål:**



Saka er med å bygge opp under berekraftsmål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen konsekvensar

**Miljømessige konsekvensar:**

Ingen konsekvensar

**Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Ingen konsekvensar

**Folkehelse:**

Ingen konsekvensar

**Oppsummering og konklusjon:**

Kommunestyret sine medlem har tidlegare uttala at berekraftsmål 8, anstendig arbeid og økonomisk vekst, er svært viktig for Bømlo. Kommunedirektøren meiner difor at fylkeskommunen sitt planframlegg er viktig å løfte fram til politisk handsaming og fråsegn.

Kommunedirektøren anbefalar kommunestyret å vedta høyringsmerknadane slik dei ligg i saka.